

EØS-ORGANER

EØS-KOMITEEN

EUROPAPARLAMENTS- OG RÅDSFORORDNING (EF) nr. 733/2002

2017/EØS/51/01

av 22. april 2002

om innføring av toppnivådomenet .eu^(*)

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 156,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,

med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽²⁾,

etter samråd med Regionutvalet,

etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten⁽³⁾, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Innføringa av toppnivådomenet .eu er eitt av dei måla som vart fastsette for å fremje elektronisk handel innan ramma av initiativet e-Europa, som vart godkjent av Det europeiske rådet under møtet i Lisboa 23.–24. mars 2000.
- 2) I meldinga frå Kommisjonen til Rådet og Europaparlamentet om organisering og forvaltning av Internett vert det vist til innføringa av toppnivådomenet .eu, og i rådsresolusjon av 3. oktober 2000 om organisering og forvaltning av Internett⁽⁴⁾ vert Kommissjonen oppmoda om å fremje samordninga av strategiane for forvaltning av Internett.
- 3) Toppnivådomena er ein integrert del av infrastrukturen til Internett. Dei utgjer ein grunnleggjande del av den verdsomfattande samverknadsevna til Verdsveven («World Wide Web» eller «WWW»). Den tilknytninga og førekomsten som er mogleg gjennom tildeling av domenenamn og tilhøyrande adresser gjer at brukarane kan finne fram til datamaskiner og nettstader på Verdsveven. Toppnivådomena er òg ein integrert del av alle e-postadresser på Internett.
- 4) I samsvar med artikkel 154 nr. 2 i traktaten bør toppnivådomenet .eu fremje bruken av og tilgangen til Internett og den virtuelle marknaden som er basert på

Internett, ettersom dette domenet vil gje høve til registrering av domenenamn utover dei eksisterande landkodetoppnivådomena (ccTLD) eller dei verdsomfattande generiske toppnivådomena, slik at brukarane får fleire val og konkurransen vert auka.

- 5) Toppnivådomenet .eu bør auke samverknadsevna til transeuropeiske nett, i samsvar med artikkel 154 og 155 i traktaten, ved å sikre at det finst .eu-namnetenarar i Fellesskapet. Dette vil verke inn på topologien og den tekniske infrastrukturen til Internett i Europa, som vil dra nytte av at det vert innført endå ei gruppe namnetenarar i Fellesskapet.
- 6) Toppnivådomenet .eu bør føre til at den indre marknaden vert meir synleg på den virtuelle marknaden som er basert på Internett. Toppnivådomenet .eu bør skipe eit tydeleg samband med Fellesskapet og dei tilhøyrande rettslege rammene og den europeiske marknaden. Det bør gjere det mogleg for føretak, organisasjonar og fysiske personar i Fellesskapet å registrere seg under eit særskilt domene som vil gjere dette sambandet tydeleg. Såleis vil toppnivådomenet .eu ikkje berre ha avgjerande verknad for den elektroniske handelen i Europa, men vil òg medverke til å verkeleggjere måla i artikkel 14 i traktaten.
- 7) Toppnivådomenet .eu kan framskande føremonene med informasjonssamfunnet i Europa som heilskap, spele ei rolle i integrasjonen av framtidige medlemsstatar i Den europeiske unionen og motverke faren for ei digital kløft mellom nabostatar. Difor er det venta at denne forordninga vert utvida til å gjelde for Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, og at det vil verte gjort endringar i dei ordningane som finst mellom Den europeiske unionen og europeiske tredjestatar med sikte på at krava til toppnivådomenet .eu kan utformast på ein slik måte at rettssubjekt i tredjestatar kan ta del.
- 8) Denne forordninga rører ikkje ved fellesskapsretten på området vern av personopplysningar. Denne forordninga bør gjennomførast i samsvar med prinsippa for personvern og vern av personopplysningar.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 113 av 30.4.2002, s. 1, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 85/2013 av 3. mai 2013 om endring av EØS-avtalens vedlegg XI (Elektronisk kommunikasjon, audiovisuelle tjenester og informasjonssamfunnstjenester), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 61 av 31.10.2013, s. 56.

(¹) TEF C 96 E av 27.3.2001, s. 333.

(²) TEF C 155 av 29.5.2001, s. 10.

(³) Europaparlamentsfråsegn av 4. juli 2001 (TEF C 65 E av 14.3.2002, s. 147), felles haldning frå Rådet av 6. november 2001 (TEF C 45 E av 19.2.2002, s. 53) og europaparlamentsavgjerd av 28. februar 2002 (enno ikkje kunngjort i TEF). Rådsavgjerd av 25. mars 2002.

(⁴) TEF C 293 av 14.10.2000, s. 3.

- 9) Forvaltninga av Internett har vanlegvis vore bygd på prinsippa om ikkje-innblanding, eigenforvaltning og eigenkontroll. I den grad det er mogleg og utan at det rører ved fellesskapsretten bør desse prinsippa òg gjelde for landkodedoppnivådomenet .eu. Ved innføringa av toppnivådomenet .eu kan det takast omsyn til god praksis på dette området, eventuelt med støtte frå frivillige retningslinjer eller åtferdsreglar.
- 10) Innføringa av toppnivådomenet .eu bør medverke til å fremje biletet av Den europeiske unionen i dei verdsomfattande informasjonsnetta, og tilføre ein tilleggsverdi til namnesystemet på Internett ved sida av dei nasjonale landkodedoppnivådomena.
- 11) Målet med denne forordninga er å fastsetje vilkåra for innføring av toppnivådomenet .eu, å peike ut ei registereining og skipe dei rammereglane som registereininga skal verke innanfor. Nasjonale landkodedoppnivådomene er ikkje omfatta av denne forordninga.
- 12) Registereininga er den eininga som har fått ansvaret for organisering, administrasjon og forvaltning av toppnivådomenet .eu, medrekna vedlikehald av dei tilhøyrande databasane og offentlege søkjetenestene, akkreditering av registrarar, registrering av domenenamn som akkrediterte registrarar har søkt om, drift av namnetenarar for toppnivådomene og spreiding av sonefiler for toppnivådomene. Offentlege søkjetenester som er knytte til toppnivådomena, vert kalla «Who is»-søk. «Who is»-databasar bør vere i samsvar med fellesskapsretten når det gjeld datasikring og personvern. Tilgangen til desse databasane gjev informasjon om innehavaren av eit domenenamn, og er eit svært viktig verktøy for å styrkje tilliten blant brukarane.
- 13) Etter å ha offentleggjort ei interesseteikning i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa* bør Kommisjonen peike ut ei registereining på grunnlag av ein open og oversiktleg utveljingsframgangsmåte som ikkje inneber skilnadshandsaming. Kommisjonen bør inngå ei avtale med den utpeikte registereininga der det vert fastsett kva vilkår som skal gjelde for eininga med omsyn til organiseringa, administrasjonen og forvaltninga av toppnivådomenet .eu, og denne avtala bør vere tidsavgrensa og kunne lengjast.
- 14) Kommisjonen har på vegner av Fellesskapet søkt om delegering av EU-koden med sikte på å opprette eit landkodedoppnivådomene på Internett. ICANN (Internet Corporation for Assigned Names and Numbers) offentleggjorde 25. september 2000 ein resolusjon der det vert slått fast at alfa-2-kodar berre kan delegerast som landkodedoppnivådomene i tilfelle der vedlikehaldsbyrået for ISO 3166 på den særlege reservasjonslista si har fastlagt eit bruksområde for den reserverte koden som omfattar all bruk av ISO 3166-1 som krev at namnet på den aktuelle staten, det aktuelle territoriet eller det aktuelle området, vert representert. EU-koden oppfyller desse vilkåra, og kan difor delegerast til Fellesskapet.
- 15) For tida er det ICANN som har ansvaret for å samordne delegeringa av kodane for landkodedoppnivådomena, til registereiningane. Rådsresolusjon av 3. oktober 2000 oppmuntrar til gjennomføring av dei prinsippa som gjeld for registereiningane for landkodedoppnivådomene som er vedtekte av det mellomstatlege rådgjevande utvalet (GAC). Registereininga bør inngå ei avtale med ICANN som oppfyller GAC-prinsippa.
- 16) Vedtaking av allmenne retningslinjer for å førebyggje spekulasjon og misbruk når det gjeld registrering av domenenamn bør sikre at innehavarar av eldre rettar som er godkjende eller fastlagde etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten, og offentlege organ får tildelt eit særskilt tidsrom til førehandsregistrering («sunrise period») der registreringa av domenenamna deira vert reservert eine og aleine for innehavarar av eldre rettar som er godkjende eller fastlagde etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten, og for offentlege organ.
- 17) Domenenamn bør ikkje kunne tilbake kallast vilkårleg. Tilbakekalling må likevel kunne finne stad, særleg dersom eit domenenamn tydeleg er i strid med den offentlege orden. I retningslinjene for tilbakekalling bør det likevel fastsetjast ei føremålstenleg og effektiv ordning.
- 18) Det bør vedtakast reglar som gjeld eigarlaus namn (*bona vacantia*) for å løyse problemet med domenenamn der registreringa ikkje er vorten fornya eller som t.d. er utan innehavar på grunn av arverettslege reglar.
- 19) Den nye registereininga for toppnivådomenet .eu bør ikkje ha fullmakt til å opprette hovuddomene ved hjelp av alfa-2-kodar som representerer land.
- 20) Innanfor dei rammene som vert fastsette ved denne forordninga, dei overordna retningslinjene for innføringa av og funksjonane til toppnivådomenet .eu og dei allmenne prinsippa for registrering, bør ulike alternativ vurderast når retningslinjene for registrering skal utarbeidast, medrekna ei løysing der søknader vert handsama i den rekkjefølgja dei vert innleverte («førstemann til mølla»-prinsippet).
- 21) Når det vert vist til dei partane som det gjeld, bør desse kunne rådspørjast, særleg når det dreier seg om offentlege styresmakter, føretak, organisasjonar og fysiske personar. Registereininga kan skipe eit rådgjevande organ som skal organisere slike samråd.

- 22) Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne forordninga, medrekna kriterium for framgangsmåten for utveljing av registereininga, utpeiking av registereininga og vedtaking av allmenne retningslinjer, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er gitt Kommisjonen⁽¹⁾.
- 23) Ettersom måla for det framlagde tiltaket, som tek sikte på å innføre toppnivådomenet .eu, ikkje i tilstrekkeleg grad kan nåast av medlemsstatane, og difor på grunn av omfanget og verknadene av tiltaket betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne forordninga lenger enn det som er naudsynt for å nå dette målet —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Artikkel 1

Mål og verkeområde

1. Målet med denne forordninga er å innføre landkodatoppnivådomenet (ccTLD) .eu i Fellesskapet. I forordninga er det fastsett vilkår for ei slik innføring, medrekna utpeiking av ei registereining, og rammereglar som registereininga skal verke innanfor.
2. Denne forordninga rører ikkje ved føresegner i medlemsstatane med omsyn til nasjonale landkodatoppnivådomene.

Artikkel 2

Definisjonar

I denne forordninga tyder:

- a) «registereining» den eininga som har fått ansvaret for organisering, administrasjon og forvaltning av toppnivådomenet .eu, medrekna vedlikehald av dei tilhøyrande databasane og offentlege søkjetenestene, registrering av domenenamn, drift av registereininga for domenenamn, drift av namnetenarar for toppnivådomene og spreiding av sonefiler for toppnivådomene,
- b) «registrar» ein person eller ei eining som gjennom avtale med registereininga yter tenester til søkjarar som ønskjer å registrere domenenamn.

Artikkel 3

Særtrekk ved registereininga

1. Kommisjonen skal,
 - a) i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 6 nr. 3, definere kriteria og framgangsmåten for utpeiking av registereininga,

- b) i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 6 nr. 2, peike ut registereininga etter å ha offentleggjort ei interesseteikning i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, og etter at framgangsmåten for ei slik interesseteikning er avslutta,
- c) i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 6 nr. 2, inngå ei avtale der det er fastsett vilkår for korleis Kommisjonen skal overvake registereininga når det gjeld organisering, administrasjon og forvaltning av toppnivådomenet .eu. Avtala mellom Kommisjonen og registereininga skal vere tidsavgrensa og kunne lengjast.

Registereininga kan ikkje godta registreringar før retningslinjene for registrering er fastsette.

2. Registereininga skal vere ein ideell organisasjon som vert driven i samsvar med lovgjevinga i ein medlemsstat, og som har forretningskontoret sitt, hovudadministrasjonen sin og hovudføretaket sitt i Fellesskapet.
3. Etter å ha fått samtykke frå Kommisjonen på førehand skal registereininga inngå ei føremålstenleg avtale om delegering av landkodatoppnivådomenet .eu. For dette føremålet skal det takast omsyn til dei relevante prinsippa som er vedtekte av det mellomstatlege rådgjevande utvalet (GAC).
4. Registereininga for toppnivådomenet .eu skal ikkje sjølv fungere som registrar.

Artikkel 4

Pliktene til registereininga

1. Registereininga skal følgje dei reglane, retningslinjene og framgangsmåtane som er fastsette ved denne forordninga, og dei avtalene som er nemnde i artikkel 3. Registereininga skal nytte framgangsmåtar som er oversiktlege og som ikkje inneber skilnadshandsaming.
2. Registereininga skal
 - a) organisere, administrere og forvalte toppnivådomenet .eu ut frå allmenne interesser og på grunnlag av prinsipp om kvalitet, effektivitet, pålitlsgrad og tilgjenge,
 - b) registrere domenenamn i toppnivådomenet .eu gjennom akkrediterte .eu-registrarar på vegner av
 - i) føretak som har forretningskontoret sitt, hovudadministrasjonen sin eller hovudføretaket sitt i Fellesskapet, eller
 - ii) organisasjonar som er etablerte i Fellesskapet, med atterhald for gjeldande nasjonal lovgjeving, eller
 - iii) fysiske personar som er busette i Fellesskapet,
 - c) innføre avgifter som har direkte samband med kostnader som har kome på,
 - d) innføre retningslinjer for utanrettsleg tvisteløysing basert på dekking av kostnader og ein framgangsmåte for snøgt å løyse tvistar mellom innehavarar av domenenamn med omsyn til rettar som gjeld namn, medrekna immaterialrettar, og tvistar som gjeld einskilde vedtak som registereininga har gjort. Desse retningslinjene skal vedtakast i samsvar med artikkel 5 nr. 1 og ta omsyn til tilrådingane frå Verdsorganisasjonen for immaterialrett. Retningslinjene skal syte for at dei partane som det gjeld, får tilstrekkelege garantiar for rett sakshandsaming, og dei skal gjelde utan at det rører ved eventuell rettargang,

⁽¹⁾ TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23.

- e) vedta framgangsmåtar for og gjennomføre akkreditering av registrarar for toppnivådomenet .eu, og sikre ein verksam og rettviss konkurranse mellom dei,
- f) sikre integriteten til databasane som inneheld domenenamn.

Artikkel 5

Rammeregler

1. Kommisjonen skal, etter å ha rådspurt registereininga og i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 6 nr. 3, vedta allmenne retningslinjer for innføringa av og verkemåten til toppnivådomenet .eu og allmenne prinsipp for registrering. Desse retningslinjene og prinsippa skal m.a. omfatte:

- a) retningslinjer for utanrettsleg tvisteløysing,
- b) allmenne retningslinjer med omsyn til spekulasjon og misbruk når det gjeld registrering av domenenamn, medrekna høve til stegvis registrering av domenenamn, noko som skal sikre at innehavarar av eldre rettar som er godkjende eller fastlagde etter nasjonal lovgjeving og/eller fellesskapsretten, og dessutan offentlege organ, i ein overgangsperiode får høve til å registrere namna sine,
- c) retningslinjer for eventuell tilbakekalling av domenenamn, medrekna spørsmålet om eigarlaus namn (*bona vacantia*),
- d) spørsmål om språk og geografiske omgrep,
- e) handsaming av immaterialrettar og andre rettar.

2. Innan ein frist på tre månader etter at denne forordninga tek til å gjelde kan medlemsstatane sende over til Kommisjonen og dei andre medlemsstatane ei avgrensa liste over allment godkjende namn som gjeld geografiske og/eller geopolitiske omgrep som har innverknad på den politiske eller territoriale organiseringa deira, og som anten

- a) ikkje kan registrerast, eller
- b) berre kan registrerast under eit hovuddomene i samsvar med dei allmenne retningslinjene.

Kommisjonen skal straks sende lista over melde namn som slike kriterium gjeld for, over til registereininga. Kommisjonen skal offentleggjere lista samstundes som lista vert send over til registereininga.

Dersom ein medlemsstat eller Kommisjonen innan 30 dagar etter offentliggjeringskjem med innvendingar mot eit punkt som er oppført i ei oversend liste, skal Kommisjonen gjere tiltak for å avhjelpe situasjonen, i samsvar med den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 6 nr. 3.

3. Før registreringa tek til, skal registereininga vedta dei første retningslinjene for registrering av toppnivådomenet .eu., i samråd med Kommisjonen og andre som det kjem ved.

Registereininga skal gjennomføre dei allmenne retningslinjene for registrering som er vedtekte i medhald av nr. 1, samstundes som det vert teke omsyn til den lista med unntak som er nemnd i nr. 2.

4. Kommisjonen skal jamleg gje det utvalet som er nemnt i artikkel 6, melding om den verksemda som er nemnd i nr. 3 i denne artikkelen.

Artikkel 6

Utval

1. Kommisjonen skal få hjelp av det kommunikasjonsutvalet som er oppnemnt ved artikkel 22 nr. 1 i europaparlaments- og rådsdirektiv 2002/21/EF av 7. mars 2002 om felles rammeregler for elektroniske kommunikasjonsnett og -tjenester (rammedirektivet)⁽¹⁾. Inntil kommunikasjonsutvalet er oppnemnt i medhald av avgjerd 1999/468/EF, skal Kommisjonen få hjelp av det utvalet er oppnemnt ved artikkel 9 i rådsdirektiv 90/387/EØF av 28. juni 1990 om opprettelse av et indre marked for teletjenester ved gjennomføring av tilgang til åpne telenett (ONP)⁽²⁾.

2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

3. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 5 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.

Tidsrommet som er fastsett i artikkel 5 nr. 6 i avgjerd 1999/468/EF, skal vere tre månader.

4. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

Artikkel 7

Atterhald om rettar

Fellesskapet skal ha alle rettar som gjeld toppnivådomenet .eu, særleg medrekna immaterialrettar og andre rettar til dei av registereininga sine databasar som er naudsynte for å sikre gjennomføringa av denne forordninga og retten til å peike ut ei ny registereining.

Artikkel 8

Rapport om innføringa

Kommisjonen skal sende over til Europaparlamentet og Rådet ein rapport om innføringa av, verknadene av og verkemåten til toppnivådomenet .eu eitt år etter at denne forordninga er vedteken og deretter annakvart år.

⁽¹⁾ TEF L 108 av 24.4.2002, s. 33.

⁽²⁾ TEF L 192 av 24.7.1990, s. 1. Direktivet sist endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 97/51/EF (TEF L 295 av 29.10.1997, s. 23).

*Artikkel 9***Iverksettjing**

Denne forordninga tek til å gjelde den dagen ho vert kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utferda i Luxembourg, 22. april 2002.

For Europaparlamentet

P. COX

President

For Rådet

M. ARIAS CAÑETE

Formann
